

Referat – Arbeidsgruppe for samanslåing av Ulstein skule og Ulsteinvik barneskule (UBS)

Dato: 21.01.2026

Tid: 13:30–15:00

Møtte:

Kommunalsjef oppvekst og kultur , Karen Strand

Skulefagleg rådgjevar , Marianne Ulstein Johnston

Rektor Ulstein skule , Norunn Velsvik

Rektor Ulsteinvik barneskule , Synnøve Haug

Ass. Rektor Ulsteinvik barneskule , Ole-Jacob Arnesen

Fagansvarleg kvalitet og beredskap , Alf Marius Grønnevik

Tillitsvald UDF Ulstein skule , Liz Torine Enerhaug

Tillitsvald UDF Ulsteinvik barneskule , Hilde Aarsand Vik

Verneombod Ulstein skule , Hans Olav Vattøy

Verneombod Ulsteinvik barneskule , Birthe Holstad Urke

Tillitsvald Fagforbundet Ulsteinvik bsk. , Inger Lise Haddal

Tillitsvald Delta Ulsteinvik barneskule , Orla Jane Kleven

Tillitsvald Fagforbundet Ulstein skule Linda Pedersen

Melde avbod:

Konsulent oppvekst , Ole Terje Sukka

Status for personal og bemanning

- Det er ingen oppseiingar i samband med samanslåinga.
- Bemanning ved skulane blir vurdert av oppvekst og personal i samarbeid med hovudtillitsvalde.
- Det er lyst ut intern stilling som avdelingsleiar ved UBS.
- Eventuelle søknadar om redusert stilling blir samla og handsama samla.

Arbeidsmiljø og samarbeid

- Felles samlingar mellom tilsette frå dei to skulane blir opplevd som svært positive. Det blir faste møter mellom lærarane annakvar måndag framover i utviklingstid.
- Det er meldt om rolegare og tryggare stemning ved Ulstein skule.
- Det blir arbeidd med å inkludere assistentar og fagarbeidarar tettare i samarbeidet.

Organisering og praktiske forhold

- Det er behov for fleire kontorarbeidsplassar, og kommunen jobbar med løysingar som også tek høgde for framtidig behov.
- 2. februar startar lærarane ved Ulstein skule og Ulsteinvik barneskule å saman planlegge elevaktivitetar for dei ulike trinna framover mot sommaren.
- Det er sett av tid før sommaren til å etablere nye lærarteam.

Elevgrupper og klasseinndeling

- Arbeid internt med nye elevgrupper er i gang.
- Klasseinndeling skal skje etter tydelege og felles prinsipp.
- Rektorane ønskjer å påverke prosessen slik at elevar får best mogleg overgang.

Samarbeid med foreldre og elevar

- Det er planlagt eit større felles foreldremøte i mai/juni. På foreldremøtet vil føresette først få felles informasjon før ein avsluttar med å gå til klasseroma elevane skal høyre til slik at ein vert kjend med bygget og møter andre føresette.
- FAU ved UBS inviterer FAU ved Ulstein skule til felles møte i mars.

- Elevrådet ved Ulstein skule skal involverast i vidare arbeid med uteområdet.

Vidare arbeid

- Nye saker kan meldast inn før neste møte.
- Agenda blir sendt ut i forkant.